

Berge Sag og Trelast AS
Haukeliveien 676
5582 ØLENSVÅG
Att. Ann Elisabeth Jensen

Dato: 13.11.2025
Vår referanse: 2025/8161-3
Sakshandsamar: Kjell Negarden

92/2/58 - Løyve til Fritidsbustad - Vamark

Tiltak: Fritidsbustad
Tiltakets adresse: Vatjønnevegen 106, 3895 Edland
Eigedom: 92/2/58
Tiltakshavar: HILDE VEA HANSEN
Ansvarleg søkjar: Berge Sag og Trelast AS
Bruksareal: 1 etg 83,9 m² + 2 etg 32,3 m² = 116,2 m²
Bebygd areal: 100,5 m²
Bruttoareal: 1 etg 93,8 m² + 2 etg 43,2 m² = 137 m²

Delegert vedtak: 209/25

Vedtak

Det vert gjeve løyve til oppføring av fritidsbustad som omsøkt.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår gjeve i PBL og byggteknisk forskrift TEK-17.

Erklæring om ansvar for UTF Tømrararbeid må vera innsendt til kommunen før arbeid under ansvarsområde tek til.

Bakgrunn og beskriving

Referanse:

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20110016 Vamark.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 24.10.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 24.10.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/8161.

Tiltaket gjeld oppføring av ny fritidsbustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Nabovarsling

Naboar er varsla 01.10.2025.

Det er ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.

Det har heller ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne.

Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

Vilkår

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt - også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.

Taktekking skal være torv.

Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande dyr kjem under hytta.

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).

I tråd med sanitærreglementet for Vinje kommune gjer ein utbyggjar særskilt merksam på tekniske føresegner med krav om minsteavstand frå nybygg til VA-leidningar på 4 meter, samt kravet til overhøgde på minimum 90 cm frå botnsluk til samleleidning.

Før tilkopling til både offentlege og private vatn- og avlaupsanlegg skal ein varsle avdeling for Teknisk drift og vedlikehald i Vinje kommune.

Der kommunen har eige overvassanlegg, skal ein knyte seg til dette. Forsvarleg handtering av overvatn er tiltakshavars ansvar.

Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4 og § 23-5

Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søkar		Tilt.kl. Føretak m/organisasjonsnummer	
SØK	Ansvarleg søkar	1	Berge Sag og Trelast AS <i>Orgnr:</i> 984 046 022
PRO	Arkitekt	1	Berge Sag og Trelast AS <i>Orgnr:</i> 984 046 022
PRO	Oppmålingsteknisk prosjektering	1	Berge Sag og Trelast AS <i>Orgnr:</i> 984 046 022

PRO Geoteknikk	1	Sjølvbyggjar Hilde Vea Hansen	
PRO Konstruksjonssikkerheit	1	XL Bygg Berge Sag AS	Orgnr: 996 002 551
PRO Sanitær,- varme og slukke.instalasje.	1	Førre Rør AS	Orgnr: 965 951 016

SØK = Ansvarleg søkar – PRO = Ansvarleg prosjekterande

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-6

Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket	Tilt.kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	
UTF Innmåling og utstikking av tiltaket	1	Haugarne Maskin AS	Orgnr: 923 106 413
UTF Grunnarbeid og landskapsutforming	1	Haugarne Maskin AS	Orgnr: 923 106 413
UTF Plasstøpte betongkonstruksjonar inkl radontiltak	1	Tørresdal Forskaling AS	Orgnr: 914 096 898
UTF Tømrararbeid og montering av trekonstruksjonar	1	Ikkje angitt	Orgnr: xxx xxx xxx
UTF Pipe og eldstad	1	Murerfirma Breitve AS	Orgnr: 976 301 935
UTF Membran og våtrom	1	Murerfirma Breitve AS	Orgnr: 976 301 935
UTF Sanitær,- varme og slukke.instalasje.	1	Førre Rør AS	Orgnr: 965 951 016

UTF = Ansvarleg utførande

Gebyr

Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ av 01.07.2010 – sist oppdatert 01.01.2025:

Løyve til tiltak – Type tiltak : Fritidsbustad over 80m² kr. 19.650,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 116,2 m² / 100,5 m²

Faktura for gebyr vert ettersendt. Faktura må betalast til forfall.

Årlege gebyr vert registrert eit år fram frå dato då byggeløyve vart gjeve.

Om mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve før dette tidspunktet, vil denne datoen danne grunnlag for faktureringstidspunktet.

Hytteieigar skal nytte avfallscontainerane som er plassert i nærleiken av større hyttekonsentrasjonar og langs riks- og fylkesvegar.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeve løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Berge Sag og Trelast AS

Kopi til:
HILDE VEA HANSEN